

Kyrkje- helsing

JULENUMMER 2002



Ved.
Olav Meltvik



Fram mot jul

Når bladet kjem ut er me komne i advent og julehelga nærmar seg. For oss eldre går åra fortare og fortare, men for borna vert gjerne veker og dagar før jul lange. Spanande gåver ventar, ynskjene er sikkert mange. Og reklame for ulike gåver til både born og vaksne hev me sett og hørt lenge.

Julebord med julemat tek til tidlegare og tidlegare. I min oppvekst var det sume matrettar me åt berre i julehelga, og dei fekk me ikkje elles i året. Julehelga var spesiell også i matvegen. Men no, med alle desse juleborda, skulle ein tru at mange hev ete seg leie på det me før rekna som spesiell julemat. Det vert i matvegen liten skilnad på kvardag og jul.

Vasking, baking og pynting til jul gjer vel dei fleste endå. Og julestemninga kjem nok i år også. Med meg er det slik at førjulstemninga får eit puff i rett lei når eg får høyra i radioen at dei spelar og syng "Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderum". Denne gamle Brorson – salmen frå 1732 lærde me på skulen for ca. 60 år sidan. Slik ber den med seg gode minne frå førjulstida både frå skulen og frå heimen.

Og etterkvart kjenner me og noko av den forventninga me hadde som born fram

mot jul. Tidlegare biskop Karl Martinussen hev sett ord på dette i julesalmen "Å, kunne jeg bare bli barn igjen når juleklokken ringer." Våre egne born sine glade forventningar er og gode minne.

Julebodskapen samlar oss til ei lysande høgtid i vintermørkret. Og det er det viktigaste: at det vart fødd oss ein Frelsar. Ein Frelsar for alle som trur på han og tek i mot han.

Så lat oss då samlast i kyrkjene våre julaftan også i år. Det er ein fin og høgtideleg god start på julefeiringa.

2. vers i Karl Martinussen sin julesalme tek me med oss til slutt:

*Å, den som blott kunne med barnets sinn
få hilse sin Frelser kjære.*

*Og synge med barnets røst så klar
Den Herre Jesus til Ære.*

***Redaksjonen ynskjer alle ei velsigna
julehelg !***

*Redaksjonskomitéen i Kyrkjehelsing, frå
venstre Øyvind Vevle, Olav Meltvik,
Johannes Melve og Kristen Stang.*



Det er oss det handlar om

Det var ei stor forteljing. Ho var vakker, men ho var lang, og eg var liten. Det hende at eg sovna, men eg høyrdde dei fortalte. Men så oppfatta eg at no tala dei om meg ! Då måtte eg høre etter !

Mi vesle livsforteljing var på ein merkeleg måte vove inn i den store forteljinga. Mitt liv var felt inn i andre sine liv og i Gud sine draumar. Den store forteljinga handla om krig og fred, liv og død, det håpefulle og det svikefulle, truløyse og brennande kjærleik.

Mi vesle livsforteljing handlar om kveldsbøn og tryggleik, lyst og leik, von og vonbrot, tru og tvil. Men då eg først høyrdde etter, då oppdaga eg at ho passa utruleg godt inn i den store forteljinga, og at den store forteljinga gav meg nøklar så eg kunne tolka mi eiga vesle livsforteljing.

Og då eg skjøna at det er ein levande Gud som handlar i den store forteljinga og at han sjølv er medvandrar, då vart det viktig for meg å stadfeste det eg hadde sett og høyrd.

Egentleg var eg jo lukka inn i den store forteljinga alt då eg vart døypt. Men først då eg tok konsekvensane av det eg no visste, vart eg medvitne og ansvarleg til stades.

"Han kom til sitt eige", seier evangelisten Johannes i ein av juletekstane, "og hans eigne tok ikkje imot han." (Joh 1.11- 12).

Det handlar om meg og deg og alle Guds skapningar når juleforteljinga vert fortald. I den store forteljinga er vi jo berre kvar for oss ein liten del. Men den vesle livsforteljinga vår får mening og retning og mål når ho vert felt inn i Guds store frelsesforteljing.

Ole D. Hagesæter

biskop.

OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar
og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

Direkte innval:

Kristen Stang	56 19 22 71
Mikal Toska	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Brigt S. Skeie	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Kapellan Brigt S. Skeie

Priv. tlf. 56 39 31 00, Hosanger

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

Kyrkleger fellesråd:

Leiar: Norvald Vedå

Nestleiar: Agnar Vevle

Otto Mo

Einar Johnny Selvik

Kjartan Tysse

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

Soknerådsleiarar:

Bruvik: Wenche Fiskesteth

Gjerstad: Svanhild Hartveit

Hamre: Inge Arve Birkeland

Haus: Marit Skjeldal

Hosanger: Gyda Tveiten Leweis

Kyrkjhelsing redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Melvik

Tlf. 56 39 52 27

Fax «

Johannes Melve

Kristen Stang

Øyvind Vevle

Min julesalme

ved Olav Meltvik

Dette er fjerde året me
stiller tre spørsmål om
julesalmar til ein person i
kvar kyrkjesokn i Osterøy.

Her er spørsmåla :

1. *Kva for ein julesalme lika du best den tida då du var barn ?*
2. *Kva var det som gjorde at du vart glad i nett denne julesalmen ?*
3. *Likar du framleis å syngja denne julesalmen eller det ein annan du likar betre no ?*

Judith Åsheim, Haus sokn :

1. Då eg var barn, var 1. juledag den store høgtidsdagen. Då for mest alle til kyrkje, og når orgelet tona i med den mektige tonen til ”Fra fjord og fjære, fra fjell og dypen dal,” då syntes eg det var verkeleg julehøgtid.

2. Grunnen til at eg lika denne salmen er vel at i kårhuset heime på Askeland, budde to gamle som var so flinke til å syngja. Dei song tostemt og det var so fint å høyra på. Når me såg kor lite dei hadde av det som er vanleg i dag, får eg eit særleg forhold til denne gamle Landstadsalmen. Den inneheld so mykje av lengt etter lys og varme, som er so sjølvsagt for oss i dag. Men julebodskapen i salmen er den same då som no. Då eg nyleg høyrd i radioen Kari Bremnes syngja denne salmen på sin hugtakande måte, syntes eg ringen var slutta frå før til no. Spesielt 4. verset: Ha takk som treder, til armods hytter ned,” o.s.v.leier tankane tilbake til den gamle kårstova, (Der dei aldri klaga !)

3. I førjulstida lærde me alle dei vakre julesongane på skulen. Når me so kom på dei store julefestane i ungdomshuset på Votlo, kunne me dei mest utanboks, og då var det julestemning. Det er ikkje lett å velja ut ein av dei, men eg tykkjer : ”Sjå tusen julelys blir kveikt, på jord i denne stund, ”er særleg vakker

Sturle Litland, Hosanger sokn :

1. Det kan eg ikkje hugsa. Me song nok mange julesalmar og songar, men det eg hugsar best i dag, er at mor og far song dette verset :

Søde Jesu, Davids Rod, Jeg vil dig med Bøn og Bod rede og berede sted min Sjel og Hjerte med Tag det hen og dan det bedst, kom herind og vær min Gjest Giv eg salig Julefest.

Det kjendest som ein personleg siger då eg etter kvart greidde å syngja med ved å lesa teksten som stod med gotisk skrift. Eg ser no at dette verset er 4.vers av salmen på nr. 122 i Landstad salmebok. Denne salmeboka, som bestemor mi fekk i 1896, har vore flittig i bruk, også i skulen. På omslagsida står det notert ei stiloppgåve : ”Den fyrste byturen min.”

2. Når det verset var sunge, so var det liksom stadfestinga på at no var jula komen. Far var komen heim frå anleggssarbeidet på Flesland, og me var samla til julehøgtid. No var det straks før spenninga skulle verta utløyst : Var det knallpistol i den vesle, harde pakken eg hadde knipe på ?
3. Eg likar framleis dette verset,

men eg syng det mest i einsemd, for melodien har eg ikkje høyrt andre syngja –eller kanskje høyrd eg Ragnar Vigdal syngja han ein gong ? Ein gamal korsongar er no elles glad i mange julesalmar, både fordi dei er vakre, og fordi det knyter seg so mange gode minne til øvingane.

Den eg kanskje set høgast, må vera ”Mitt hjerte alltid vanker”. Han er so poetisk i språk og biletbruk, og melodien er vemodig vakker.

Kjellaug Hartveit, Gjerstad sokn :

1. ”Mørkt og kaldt og lite sol, såleis er det fram mot jol. Snø og is all jordi gøymer, allting ligg i lengt og drøymer”.

2. Når det nærma seg jul song mor alltid denne songen. Mor song mykje når ho sat ved rokken og spann garn.

3. Eg er ikkje noko songar, men eg likar song. Sjølvsagt likar eg denne songen framleis. Men julesongen ”Det lyser i stille grender”, er vel den eg i dag likar best.

Grete Hjellvik, Hamre sokn :

1. Utan tvil : ”Eg er så glad kvar julekveld, for da vart Jesus født”.
2. Det var slik heime hjå oss at når alt var klart, treet ferdgynta, gåvene plasserte under treet, lysa tente og familien var samla, - då vart denne songen sunge som starten på julefeiringa. Den var på ein måte sjølve inngangsporten til jula.
3. Eg har framleis mange gode

kjensler knytta til denne salmen. Den er på ein måte framleis inngangsporten til julehøgtida for meg. Men i dei seinare åra har vi fått så mange nye, fine julesalmar og songar som eg er blitt veldig glad i å syngja. Likevel er det ein annan salme av gammal årgang eg har blitt svært glad i som voksen. Det er Gruntvig s salme : "Det kimer nå til julefest."

Det er spesielt vers 6 og 7 som eg synest er så fine. Med dei versa vil eg ynskja lesarane av Kyrkje-helsing ei velsigna julehøgtid 2002.

*Så la oss gå med åpne sinn
Som hyrdene til barnet inn.
Med gledestårer takke Gud
For miskunnhet og nådebud.*

*Kom Jesus, vær vår hyttes gjest.
Hold selv i oss din julefest.
Da skal med Davidsharpens
klang
Deg prise høyt vår julesang.*

Magne Vikne, Bruvik sokn :

1. Eg trur eg må svara : "Eg er så glad kvar julekveld", og "Det lyser i stille grender".
2. Song 1 : Som barn var julafesta årets gladaste kveld slik som det står i songen.

Det var ei blanda glede for at Jesusbarnet var født på julekvelden og for alle julepresangane.

Song 2 : Den songen eg hugsar best frå barnetida er "Det lyser i stille grender, "fordi rundt juletid gjekk eg og mine sysken att og fram forbi huset og song for full hals, til underhaldning for heile Viknegarden og Tunes.

3. Eg likar begge to framleis, men no er eg mëst glad i "Glade jul", eller "Silent nigt". Den songen får tårene fram kvar gong. Glad fordi Jesus kom til vår jord med glede og håp for kvar den som vil tilhøyra han.

Dåp fyrst i gudstenesta.

I Bruvik og Haus er no for ein periode på to år dåpen lagt til starten av gudstenesta. Grunnen til denne nyordninga er at dåpen er inngangen til Guds rike, og dåpen er starten på livet saman med Jesus. Ved starten på gudstenesta høver det difor at dåpen har sin naturlege plass.

Bibeldagen 2003

Sundag 16.februar er Bibeldag over heile landet. Me vil markera Bibeldagen med ei felles tilskipping i Sion, Bysheim kl.17. Bibelen er felles for alle kristne, og me vil på denne måten få syna at me står i lag på det same grunnlaget.
Vel møtt til bibeldagssamling!



Frivillighetssentralen

Konfirmasjonane

Konfirmasjonsdagar til våren vert slik:

Bruvik: 27/4, Hosanger 27/4, Hamre 4/5 og 11/5,
Haus: 4/5 og Gjerstad 11/5.



Innleveringsfrist



neste nr. er:

25. januar

Stoff kan sendast til:

Olav Meltvik

5284 Jyssebotn



Eit tidsbilete frå 1920: Jul på gammal vis i Veofjorden

v/ Norvald Vedå

**- Når far steig i land etter
julehandel på Stamnes, stirra
me barna storøygde på kista
han bar på ryggen. Kva låg i
den i år? Me visste at det fanst
noko godt til kvar av oss. Men
kista vart ikkje opna før
julaftan.**

Daniel Vedå sit i stova si på Raknes og minnest barndommen sin på Vedå, ein liten bite av Osterøy som framleis ligg bortgøymt og veglaus i den storfelte Veofjorden. Daniel teiknar eit lite tidsbilete som når fleire generasjonar attende. Det manglar nemleg berre ein månad før denne kraftkaren fyller 94 år. Håret er grått, ganglaget ikkje så sikkert som før, men han steller seg sjølv, lagar mat, høgg ved og er framleis ute med garn om han får ei hjelpende hand. På Raknes har han budd dei siste 60 åra.

Anar eg noko drøymande i blikket? Om minne som er knytta til ei annleis tid? For Daniel har så mykje å fortelja. Og kva høver betre no enn å få ein glytt inn i barndommens julefeiring?

Ny halm i sengene

- Heime var mé 9 sysken. For kvar dag som nærma seg jul, steig spenninga. Vetlejulaftan var alle i arbeid. Det var stor stas når alle sengene fekk ny frisk halm frå løa. Vasking og skuring. Far for gjerne til Stamnes denne dagen og handla inn til jul. Då tok han med seg ei spesiell og stor kiste som alltid inneholdt spesielle godsaker. Me ungane storma ned bakkane for å møta far når han steig i land. Saman

med far drog me båten opp i støa. Augo nistirra på kista far bar heim på ryggen, men ho vart aldri opna før enn på julaftan. Det hjelpte lite at me ungane gnålte.

Daniel stryk seg gjennom håret, og det leikar eit smil rundt munnen.

- Rart kor forventningfulle me var den gongen. I dag skal det meir til! seier han med tyngde.

Brake på golvet og den store laugartunna

- Var vetlejulaftan travel, var ikkje julaftan det mindre. No vart brake lagt ved inngangen og over heile stovegolvet. Då dufta det høgtid i heile huset, men når sant skal seiast så stakk det nok i føtene. Juletreet vart pynta med små papirkorger og fekk støypte stearinlys. Fine julekort stakk me inn på greinene. Norske flagg og litt glitter fekk og plass. Så venta bading på oss alle. Varmt vatn vart henta frå grua, og den eldste av barna hadde alltid førsteretten

å stiga opp i den store laugartunna. Mor og far var dei siste. Reine klede var lagde fram, og det var stor stas når me no var klare for den stor høgtida.

Kista vert opna

- Opp i stova samla me oss no om far og den store kista. Me stod og småtrippa av spenning. Far opna posar med eple og appelsiner som så vart serverte på fat til oss alle. Drops delte han også ut. Så kom mor med nystrikka labbar og sokkar. Kanskje vanka det også ei undertrøye fint innpakka.

Daniel smiler igjen. Han lever seg inn i barndommens rike. Helg og høgtid prega barneflokken. Appelsiner og eple var uvanleg kost i dei dagar i Veofjorden!

- Så var det gang rundt juletreet med tende lys. Seinare kom

Parti av Vedafjorden.





middag med lutefisk, poteter og flatbrød. Måltidet vart avslutta med at mor alltid las juleevangeliet. Me barna følgde godt med og opplevde at det var noko ekstra stort å feira jul, å feira det vesle barnet i krubba.

-1. juledag fekk ingen lov å gå ut

å treffa andre, heldt Daniel fram.

-2. juledag var fast kyrkjedag så sant vind og vær tillet det. Seinare i romjula var det glad leik med nabobarna, på ski og skeiser ettersom været var.

Daniel ser på meg og har fått ei ekstra rynke i panna. Ei rynke

som vitnar om undring.

-Det var nok ei annleis tid. Det er kanskje uråd for dagens unge å forstå at me hadde ekte juleglede gjennom vår enkle feiring og små julegåver. Men, det var ei rik tid på sin måte!

VEN

Jul att

ved John Arve Hjellvik.

Ja, ja, so var jula her igjen, og ein må også i år igjen gjera seg nokre tankar omkring denne.

Sårs viktig er dette når ein har vorte beden om det. Ein kjem jo knapt utanom viktige ting ved jula : påminning om Jesus som kom til oss, via Maria og eit uthus, alle dei andre gåvene, all maten, all varmen inne og kulden ute. Og so er det julebord og julefestar, kyrkjetid og snart tid for eit nytt år.

Jula er og ei fin tid for å fryse i hel, har eg hørt. Og eg lurar litt på kvifor. Kan det vere fordi me ikkje har plass til fleire ting i husa våre, og difor sjølve må flytta ut i kulda? Eller har det kanskje heller noko å gjere med ein anna kulde, ikkje den kulden som er ute, men den som er inne.

Dette er den kulden som me sit att med etter å ha stressa oss gjennom handlegater og kjøpesenter utan ein

gong å ha helsa på verken butikkfolk, eller nokon andre. Den som me kanskje kjenner etter å ha bruka opp varmen vår på å varma opp all pynten og alle presangane utan at dei gjev nokon varme frå seg, og som kanskje blir ekstra kald når ein ser kor godt andre har det i denne høgtida.

Denne kulden skulle verken me som er i fylgje med Han som me no feirar fødselsdagen til, eller nokon av våre nærmaste ha vore påverka av, eller offer for. "Kan det vera sant?" spør du deg kanskje ?

Ja! For vår mann i Paradis sa nemleg : Elska kvarandre ! – Det nest største bodet, og ei direkte fylge av å halda det største bodet : Du skal elska Herren din Gud, med ALT du er og har ! Å freiste å halde desse boda hadde vore den beste gava, både til oss sjølv og alle andre.

Så, ei oppmoding : Lat oss i år pakka inn egoismen, stoltskapen og latskapen vår. Pakk dei inn legg dei

ved treets fot, treet utan granbar og pynt, men med merker frå blod og naglar. Lat oss gå til dei som treng oss, slik som Meistaren gjorde det, og lat folk etter sei : " Sjå kor dei elskar kvarandre ! "

Eg håpar me kan bli flinkare til å, ved Guds hjelp, elska (kvar)andre slik som Bursdagsbarnet elskar oss, det skyldar me både Gud og kvarmann, i alle fall Gud.

Hmm, då er det vel berre ein ting att, nemleg å ynskja alle ei uvanleg god julehøgtid, og eit like godt nytt år. Det vil eg gjere med det Johannes skriv i dei to siste versa i den siste boka i Bibelen, i det han blant anna referer Han som kom til oss, og snart skal lata oss koma til seg. Han (Jesus) som vitnar dette seier : " Ja, eg kjem snart." Amen. Ja kom Herre Jesus. Vår Herre Jesu Kristi Nåde Vere med dykk alle. Amen "

Jol og dåp

Jol og fødsel heng saman.

Jola starta med ein fødsel.

Jol og dåp høyrer òg saman. Dåpen er ein ny fødsel. Me høyrer orda i dåpsliturgien at Gud har etterfødd oss. Bibelen brukar bilete av fødselen for å forklara dåpen for oss. Og liksom fødselen er eit under, er dåpen eit under som berre Gud kan gjera.

I haust la Regjeringa fram ei stortingsmelding om trusopplæring. Og for vår kyrkje sin del, vil det seja dåpsopplæring. Eg har skrive om dåpsopplæring før òg, men no er me komne så langt at ei skikkeleg dåpsopplæring er like om hjørna. Andre trussamfunn kan ordna seg på andre måten enn me gjer, difor heiter det trusopplæring og ikkje dåpsopplæring. I den planen som no

er lagt fram, skal kvart barn få dåpsopplæring i 315 timer. Til denne tida høyrer òg konfirmasjonsundervisninga. For å få til ei slik ordning for heile landet, gjer Regjeringa framlegg om å løyva 250 mill.kr. over ei tiårs periode.


For å gjennomføra ei slik dåpsopplæring på Osterøy må me lokal finna ut korleis det skal skje. For er det bruk for alle idear, visjonar og tankar for å få sett dåpsopplæringa ut i livet. For planen må setjast ut i livet. Dåpen er for viktig til at alt berre vert planar og svevande prosjekt som aldri kjem ut i livet. Å berre bruka frivillige medarbeidarar er ikkje råd. Planen er for omfattande til å kunna løysast berre ved frivillige. Løna medarbeidarar må vera med for at planen skal gjennomførast. Noko

økonomi er det med i biletet.

Her er oppgåver nok å ta i ferd med for kyrkjelydane i dei neste åra. Dersom det går slik som Regjeringa

legg opp til, får kyrkjelydane ei fin gava, og ei stor utfordring. Og dåpsopplæringa er ei sak me ikkje kan la fara. Her må det arbeid til.

Så vil eg ynskja alle lesarane ei signa jolehelg og eit godt nytt år !



Johannes Melve



Hauge bedehus, Betel

Hauge bedehus vart bygd i 1932. Det var Mons A. Hauge som gav tomt til bedehuset og som var pådrivar for å få huset reist. Tømrararbeidet var det Johannes A. Hannisdal og Lars Kleiveland som stod for.

Det var vekkinga i 1929 som førde til at huset blei bygd. Møta føregjekk på ungdomshuset og det var predikant Karl Hesjedal som var talar. Mange unge vart kristne i denne vekkinga. Det vart også derfor skipa ei eiga ungdomsforeining med eit aktivt ungdomsarbeid, men dette vekte uro hjå dei eldre, fordi dei ikkje lika at dei unge og dei eldre delte seg i ulike grupperingar. Møteverksemda var for det meste når det kom talar til bygda, og gjerne heile møteveker. Marta Hauge som no er 90 år og blant dei eldste medlemane i Hauge

indremisjon er den som fortel og minnest frå denne tida. Ho fortel og at det var musikklag på bedehuset i ein periode utover i etterkrigsåra.

Gjerstad indremisjon var starta i 1878. Heilt fram til 1943 var Hauge med i Gjerstad indremisjon, då vart Hauge og Gjerstad eigne indremisjonslag.

Styret i Hauge indremisjon hadde sitt første møte den 19. februar 1944. Det var Mons A. Hauge som var leiar dei første åra. I krigsåra og nokre år etter blei deler av huset bruk til skule.

I 1956 vart huset bygd på og restaurert. I 1993 vart kjøkken og storesalen pussa opp. Alt dette blei gjort på dugnad av medlemmane. Huset har gode lokalitetar og vert i dag brukt til mange aktivitetar. Barne- og ungdomsarbeidet er eit av våre satsingsområde.

Søndagsskullearbeidet på Hauge starta opp omkring 1928 og har

stått sterkt heile tida. Det kan ein lesa i møteprotokollane. I tillegg har vi yngres som og har lang tradisjon tilbake. For nokre år sidan starta vi opp med fredagsklubb, som er eit tilbod i dag til 6.og 7 klassingar. I tillegg har vi nattkafe annakvar fredag for dei eldre ungdomane. Biljard og bordtennis er aktivitetar som denne aldersgruppa set stor pris på. I ein periode har vi og hatt småbarnstreff ein gong i veka for heimeverande foreldre med barn i førskulealder. For dei vaksne er det faste møte kvar tysdagkveld, der vi anten samlast til temamøte eller vanlege oppbyggelege møte. Ein gong i månaden har vi ettermiddagssamling for dei eldre. Huset vert og leigd ut til både barnedåpar og andre samkomer.

Hauge indremisjon har 32 medlemmar og med eit breitt alderspenn.



50-årskonfirmantar i Bruvik (Foto : Rune Solberg) 1. rad frå v. Magnvald Hjelvik, Edit Skaftun Riple, Johannes Melve, Solveig Løtveit Stokke. 2. rad frå v. Magne Vassdal, Yrjan Bruvik, Arne Langhelle, Kristian Bruvik, Oskar Vedå, Nils Angeltveit, Svein Bruvik



50-årskonfirmantar i Gjerstad (Foto : Rune Solberg) 1. rad frå v. Inger Hagenes Rundhovde, Signe Skjerping Kollstrøm, Brigt Sigve Skeie, Gunvor Hagebø Halsøy. 2. rad frå v. Solveig Småland Mundal, Astrid Hagebø Ytreland, Anlaug Mjelstad Njåstad, Berit Hauge Solberg, Bergljot Hauge Borge, Inger Solberg Rundhovde, Synnøve Myking Samnøy. 3. rad frå v. Rolv Vevle, Per Vedå, Jon Hartveit, Kjell Vassenden, Leif Gjert Kallekleiv, Osvald Reigstad, Bjarne Myking, Norvald Fitje



50-årskonfirmantar i Hamre. (Foto : Rune Solberg). 1. rad frå v. Målfrid Mjelstad, Solfrid Heggertveit Øvstedal, Marit Birkeland Tepstad, Brigt S. Skeie, Myrtel Rundhovde Misje, Reidun Sudmann Lende, Liv Lillejord Raknes. 2. rad frå v. Marit Rundhovde Tysse, Tora Reigstad Enestvedt, Åse Reigstad Hamnes, Alvild Tepstad Refvik, Oddny Høyland Brakvatne, Dagmar Veland Løndal, Kari Valestrand Stamnes, Anna Tepstad Mosevoll, Ingunn Eide Kleppe Tangager, Borgfrid Myhr Heggenheim, Gerd Sjursæter Fyllingen. 3. rad frå v. Johannes Kvamme, Lars Eikeland, Ivar Reigstad, Knut Valestrand, Rolf Reigstad, Leiv Eidsnes, Lars Kvamme, Karstein Mjelde, Jarmund Eikanger, Otto Aksnes



50-årskonfirmantar i Hosanger. (Foto : Rune Solberg). 1. rad frå v. Sissel Hole, Brigt Sigve Skeie, Jorunn Røsland Søvik. 2. rad frå v. Knut Magne Svenheim, Liv Nordås, Johanna Langeland Hjartholm, Kjell Steinar Eide. 3. rad frå v. Einar Kåre Hellevang, Oddvar Nottveit, Karstein Bjørge



Velkommen til kyrkja

8.desember 2.sundag i advent. Luk.21,25-33.

Haus kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Hosanger kl.11.00. Familiegudsteneste. Skeie. Dåp. Utdeling av Kyrkjebok til fireåringane. Takkoffer til Bergens sundags-skulekrins.

15.desember 3.sundag i advent. Matt.11,2-10.

Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Melve. Alf R. Kallestein preikar. Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS.

Bruvik kl.17.00. Ljosmesse og jolekonsert . Melve og konfirmantane. Haus musikklag spelar.

Hamre kl.1700. Jolekonsert. Arr: Reppen
Gjerstad kl.20.00. Jolekonsert.Arr: Osterøy Janitsjar.

18.desember

Bruvik kl.09.00. Skulegudsteneste.

19.desember

Hamre kl.11.00 Skulegudsteneste.

Haus kl.18.00. Skulegudsteneste.

20.desember

Gjerstad kl.08.45 Skulegudsteneste for ungdomsskulen.

Gjerstad kl.10.00. Skulegudsteneste for barneskulane.

Haus kl.19.00. Jolekonsert. Arr: Haus musikklag.

21.desember

Gjerstad kl.19.30. "Vi lovsyng jula inn". Lovsongskveld.

22.desember 4.sundag i advent. Joh.1,19-27.

Tysse bedehus Gudsteneste. Skeie. Takkoffer til Kristeleg Kringkastingslag.

24.desember Jolaftan. Luk2,1-14.

Bruvik kl.12.30. Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Frivillighets-sentralen.

Gjerstad kl.14.30. Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp. Osterøy janitsjar

Haus kl.16.00. Familiegudsteneste. Melve. Takkoffer til Kirkens nødhjelp Haus musikklag

Hamre kl.14.30. Familiegudsteneste. Skeie. Takkoffer til Kirkens nødhjelp. Hamre/Hjellvik

Hosanger kl.16.00.

musikklag
Familiegudsteneste. Skeie. Takkoffer til Kirkens nødhjelp. Fotlandsråvåg
musikklag

25.desember Joledag. Joh.1,1-14.

Haus kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Melve. Takkoffer til Det norske misjonsselskap (NMS).

Hamre kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Skeie. Dåp Takkoffer til NMS Valestrand musikklag

26.desember 2.joledag. Matt.10,17-22.

Gjerstad kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Melve. Takkoffer til NMS. Kyrkjekoret deltek

Hosanger kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Skeie. Dåp.Takkoffer til NMS

29.desember Sundag etter jol. Luk.2,25-38.

Bruvik kl.11.00. Høgmesse. Melve Dåp. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.

31.desember Nyårsaftan. Luk.13,6-9.

Hamre kl.17.00. Musikkandakt.
Hosanger kl.23.00. Midnattsmesse. Skeie. Takkoffer til Noregs kristelege student- og skuleungdomslag.

1.januar Nyårsdag. Luk.2,21

Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

5.januar Kristi openberringsdag. Matt.2,1-12.

Hamre kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd. Dåp.Takkoffer til Kirkens SOS, Bjørgvin. Avskil med kyrkjeverje Kristen Stang og velkomst for Mikal Toska.

12.januar 1.sundag etter Kristi openberringsdag. Matt.3,13-17

Haus kl.11.00. Høgmesse. Melve. Brynjulf Melve preikar. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hosanger kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Dåp. Nattverd. Takkoffer til IKO.

19.januar 2.sundag etter Kristi openberringsdag. Joh.2,1-12.

Hamre kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Takkoffer til Bibelselskapet.

Bruvik kl.17.00.	Høgmesse. Skeie. Nattverd.Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.	Hosanger kl.16.00.	Familiegudsteneste. Skeie. UtDELing av "Godt nytt " til 5.klassingane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.
<u>26.januar 3.sundag etter Kristi openberringsdag. Rom.1,16-17</u>			
Gjerstad kl.11.00.	Høgmesse. Prost Mestad. Nattverd. Takkoffer til KABB	Gjerstad kl.11.00.	Familiegudsteneste. Melve. UtDELing av "Godt nytt" til 5.klassingane. Takkoffer til Bibel-misjonen. Kyrkjekaffi.
<u>2.februar 4.sundag etter Kristi openberringsdag. Matt.8,23-27.</u>			
Haus kl.11.00.	Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til Normisjon	Sion ,Bysheim kl.17.00	Bibeldagssamling.
Gjerstad kl19.00.	Lovsongskveld.	<u>23.februar Kristi forklæringsdag.Matt.17,1-9.</u>	
<u>9.februar Vingardssundagen. Matt.20,1-16.</u>			
Hamre kl.11.00.	Familiegudsteneste. Skeie. UtDELing av "Godt nytt" til 5.klassingane.Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.	Haus kl.11.00.	Gudsteneste. Alf R.Kallestein. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Bruvik kl.11.00.	Familiegudsteneste. Melve. UtDELing av "Godt nytt " til 5.klassingane. Takkoffer til Bibel-misjonen. Kyrkjekaffi.	Hosanger kl.11.00	Gudsteneste. Skeie. Nattverd. Takkoffer til KFUM/KFUK speiderne.
Haus kl.17.00.	Familiegudsteneste. Melve. UtDELing av "Godt nytt" til 5.klassingane. Takkoffer til Bibel-misjonen. Kyrkjekaffi	<u>2.mars Sundag før faste.Ap.gj.8,26-35.</u>	
<u>KYRKJESKYSS</u>			
For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har problem med skyss, er det mogleg å ringja til ein av desse:		Hamre kl.11.00.	Høgmesse. Melve. Nattverd .Takkoffer til Nordhordland indremisjon.
Roald Hauge tlf: 56 39 45 07		Gjerstad kl.19.00.	Lovsongskveld
Astrid Mæle tlf: 56 39 02 06			
Marta Gjerstad tlf: 56 39 20 31			
Turid Njåstad tlf: 56 39 24 59			
Ver ikkje redde for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje, og tykjer det er leitt at skyssen skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette personane kører sjølv, får dei andre til å gjera det.			
<i>Marta Gjerstad</i>			

Kyrkjesskyss
til Hosanger
frå Tysse,
ring
Olav Meltvik,
tlf. 56 39 52 27.

Kyrkjesskyss til Haus kyrkje
Desse personane kan
kontaktast pr. telefon:
Berit Torp 56 39 03 59
Bjarte Mjelde 56 39 04 64
Einar Johnny Selvik
56 39 43 37
Inger Margrethe Litland
56 39 01 17

Kyrkjesskyss til Bruvik
Ring Wenche Fiskeseth
tlf. 56 39 18 21
Otto Mo tlf. 56 39 19 42

Dåp

Det høver med dåp desse dagane:

Haus: 25/12 og 9/2
Gjerstad: 26/12 og 16/2
Bruvik: 29/12 og 9/2
Hamre: 26/12 og 9/2
Hosanger: 25/12 og 9/2

Jole-konsertar:

15. desember:
Bruvik kl. 17.00.

Ljosmesse og jolekonsert. Melve og konfirmantane. Haus musikklag spelar.

15. desember:
Hamre kl. 17.00.

Jolekonsert. Arr: Reppen.

15. desember:
Gjerstad kl. 20.00.

Jolekonsert. Arr: Osterøy Janitsjar.

20. desember: Haus
kl. 19.00. Arr: Haus musikklag.

21. desember:
Gjerstad kl. 19.30.
Lovsongkveld. «Vi syng julia inn».

Nytt frå Kyrkjeleg Fellesråd



NY DAGLEG LEIAR

Frå nyttår av vert det endring i Fellesrådet sin administrasjon. Frå då av tek Mikal Toska (biletet over) over som dagleg leiari, mens Kristen Stang då for fullt går over i pensjonistane sine rekkrer.

Mikal Toska er vel kjent på kyrkjekontoret. Allereie i 1996 starta han opp som sekretær. På nyåret 2002 fekk han nemninga sakshandsamar, då han tok over meir av pliktene til Kristen Stang, som gjekk over i deltidsstilling. I tillegg til god praksis har Mikal også gått igjennom kursprogram i kyrkjeadministrasjon ved høgskulen i Volda, slik at han er vel budd til leiaroppgåva. Først og fremst kjenner vi han også som ein triveleg kar, med glimt i auget, men som også held god orden både i rekneskap og gravregister. Mange har også møtt han som ein hjelksam alvorsmann i samband med ordning av graver og gravferder. Vi har difor alle stor tillit til at Mikal vil utføre leiaroppgåva på beste vis.

Frå orienteringa vi hadde om administrasjonen i Kyrkjehelsing

hausten 2001, kan vi også hente at Mikal Toska er ein ekte sportsmann, som veit å halde seg i form. Han er oppmann for ”tilsette-trimmen” i Osterøyhallen kvar tysdag, og er elles på farten på joggeturar til alle tider og i all slags vær. Mikal er busett på Arnatveit, og som kollektivt-reisande treff du han kvar dag på bussen via Osterøybrua. Namnet sitt har han frå Toska på Radøy, der han framleis er brukseigar. Der nyttar han tida både i helger og ferier til fornying og oppussing.

Sjølv om Mikal såleis er eit arbeidsjern kan han ikkje makte heile administrasjonen i Kyrkjeleg fellesråd aleine. Til arbeidet høyrer jo også ein god del sekretærarbeid for sokneråda og for prestane. Det er difor også ein føresetnad at det så snart som mogleg over nyttår vert tilsett ein sekretær i deltidsstilling. Det var først og fremst av omsyn til den vanskelege økonomien ved kyrkjekontoret at Kristen Stang gikk over i 60 % stilling seinaste året, og det er også difor han no frå årsskiftet har valt å gå over for fullt

på AFP-ordninga, eller som det heiter; avtalefesta pensjon.

KYRKJEØKONOMIEN

Slik ordninga er fastsett har no Kyrkjeleg fellesråd også denne hausten vore i møte med kommunen v/ Formannskapet, og drøfta budsjettet for 2003. Heilt frå nyordninga kom i stand i 1996/1997 med at Kyrkjeleg fellesråd skulle vere ei eiga administrativ eining, har ein slitt med å få økonomien til å rekke til alle dei viktige oppgåvene fellesrådet har ansvaret for etter kyrkjeloven. Det er kommunen som etter loven har ansvaret for økonomien til fellesrådet.

Det at Kristen Stang no heilt sluttar av, mens det i første omgang berre vert tilsett ein sekretær i ca. 50 % stilling, vil seie at administrasjonen over 2 år vert redusert frå 2 stillingar til ca. 1,5, eller med ca. 25 %. Det ein no kan vona er at denne reduksjonen på lønsbudsjettet kan hjelpe litt på økonomien, men samstundes vonar vi at både tilsette og friviljuge elles kan gje ei ekstra

hand med for å få alle dei viktige oppgåvane løyst..

Der ein seinaste året også kan sjå ei lette i økonomien er når det gjeld straumkostnader. Ved å kontrollere termostatar og tidsur, og gå gjennom rutiner, er samla kostnader til straum vorte redusert, sjølv om prisane har auka sterkt. Her gjeld det også at ein er avhengig av godt samarbeid både med tilsette og friviljuge, for å halde kostnadsnivået nede også i framtida.

I det heile meinar vi at innanfor den noverande drifta er det sett i verk dei sparetiltak som er mogleg. Dersom difor no tilskottet frå kommunen i realiteten vert enno meir redusert, kjem ein ikkje forbi ein reduksjon både i talet på gudstenester og andre kyrkjelege handlingar.

Medlemmer av Kyrkjeleg fellesråd, bak frå venstre: Einar Johnny Selvik, Otto Mo og Kjartan Tysse. Foran frå venstre: Agnar Vevle, Norvald Vedå og Johannes Melve.

ANONYM GÅVE:

Det er med stor glede at Kyrkjeleg fellesråd på vegner av Gjerstad sokn kan takke for ei gave på heile kr. 80.000,- til utvendes måling av Gjerstad kyrkje. Vi vonar at vi ved hjelp av dette gode bidraget, i tillegg til det som alt er avsett av lånemidlane, skal få setje i gong arbeidet til våren.

OLAV MELTVIK:

Redaksjonen i Kyrkjehelsing er svært glade og takksame for at redaktøren er på plass att, etter hjarteoperasjonen no i haust. Det ser ut for at alle åra til fots i skog og fjell har gjeve Olav ein konstitusjon som står for ein støyt. No vonar vi å få med oss Olav mange år til på redaktør-krakken, der han på eit så fint vis deler med oss av små og store naturopplevingar, og som han ofte evnar å nytte som gode bilete til alvorlege trusspørsmål. Samstundes er han også flink til å oppmuntre andre til å skrive i bladet.

Vi er sjølvsagt også, saman med Hosanger sokn glade for at Olav har

sagt seg villig til å halde fram som klokkar.

GOD JUL:

- vil vi frå Kyrkjeleg fellesråd nytte høvet til å ynskje alle lesarane.

Kristen Stang



Olav Meltvik i arbeid att.



Tankestreif på slutten av 2002

v/ Olav Meltvik

Endå eit år går mot slutten. Eg skal ikkje gjeva noko ”årskavalkade”, berre nokre streif. Sume år går på det jamne utan særlege hendingar. I andre år kan det vera giftarmål eller familieauke i nær familie som fører med seg glede og liv.

Eller dødsfall kan gjera at i år saknar me nokon av våre nære kjære. Slike sakn vert ofte sterkare i og rundt julehøgtida. Dette hev vel dei fleste av oss røynt opp gjennom åra. Godt er det då å ha gode minne med oss vidare. Gode minne er ein umissande arv. Dei kan vera som eit skrin med juvelar, når me vil kan me ta dei fram. Ja, å ta fram gode minne kan vera som å kveikja ei lampe i eit mørkt rom og lata lyset jaga det mørke på

dør og fylla oss med ein lun varme.

Eg hev tidlegare opplevd å sitja heilt åleine julafatn. Det kan vera stussleg og sårt. Juleprogram i T.v. kan ikkje erstatta dei me saknar omkring oss. –

Det fine veret på ettersumaren og hausten gjorde dette året til eit år me og vil minnast for dette. Frukta vart såleis sær fin. Plommene plar no ofta vera fine, men smaken vert sötare og betre i godver med sol og varme. Og eplehausten kan me nesten ikkje minnast maken til. Epla i år vart sær store, reine og fine og velsmakande, utan å vera sprøyta med noko som helst.

Blomane synte oss og ei uvanleg fin fargeprakt i godveret. Me hev ein stor Trillingblomst (Bougainvillea) som me plar setja ut om sumaren, men den plar ikkje bløma ute. I år lukkast det å få den til å koma med blomar ute, og dei fekk sterkare

farge enn når den blømer inne.


Me seier ofte at tida går, og tenkjer gjerne ikkje så mykje på at tida er og noko som kjem. I ”Stille stunder” nr. 4 i 1997 stod det eit dikt av David P. Kløve som eg vil saksa og ta med til slutt :

*Tida kjem til meg.
Lær meg Herre, at tid ikkje er
berre noko som frå meg går.
Tida kjem til meg. Kor stort det
er: Tida er noko eg får.*

*Herre, takk at du tilgjeving har
også for misbrukt tid!
Du set strek over det som var,
ny tid du oss vil gi.*

*Hjelp meg Herre, å bruka rett
den tida du gjev til meg,
så eg på plassen der eg er sett
trufast kan tena deg.*

*På
kyrkjebakken*



SIKRING AV GRAVMINNE:

Vi skrev ein del om denne saka i førre nr. av Kyrkjehelsing, og minna om førene for ulukker dersom ikkje gravsteinen er fullnøyande festa med bolter til sokkelen. Vi nemnde og at vi straks ville gå over alle kyrkjegardane, og legge ned dei steinane som ikkje er fullnøyande sikra. No kom vinterveret og kulda raskt på oss denne hausten, slik at det snøgt vart problem med telen.

Difor har vi førebels ikkje kome så langt med arbeidet som vi hadde ynska.

Nokre av dei steinane som sto mest utsett har vi lagt ned, og for nokre av dei har familie/pårørande tinga montering av bolter, men for ein del er det ikkje teke kontakt med Kyrkjekontoret. Slik vi orienterte om sist har vi i dei fleste høve ikkje

oversyn over kva for pårørande som har ansvar for grava. Vi ber difor igjen om at folk tek seg ein tur på kyrkjegarden, og ser til om gravsteinane dei har ansvar for er lagde ned, eller om dei elles manglar boltar. Når så kyrkjekontoret får melding med namn og stad, vil vi sikre steinen ved første høvet.

GRAVLYKTER:

Slik vi har gjort tidlegare vil vi også dette året, vare folk mot uvettig bruk av open eld på kyrkjegardane. Denne hausten er det særlig mykke tørt gras kring om på kyrkjegardane, og om uhellet er ute skal det svært lite til før elden kan fatte inn mot treveggene på kyrkjene. Særleg er vi opptekne av varsemd kring dei tjørebreidde veggene på Hamre kyrkje, men eigenleg gjeld det like fullt for alle kyrkjene.

Som før slår vi klårt fast:
FAKKELBOKSAR skal ikke

nyttast til gravlykt, men pass også på med vanlege lukka gravlykter at dei står støtt og godt, og ikkje kjem i nærbane med graset.

Vi ynskjer dykk elles ei fin og roleg jule- og nyårsdag, også kring om på dei vakre kyrkjegardane på Osterøy. Dette siste vonar vi også kan gjelde nyårsnatta ved Hosanger kyrkjegard, slik at der ikkje vert for mykke uro med nyårsfyrverkeriet.

Kristen Stang

Nyordning for gravferd

Kyrkjemøtet i Bergen fyrst i november vedtok ei ny ordning for gravferder i kyrkja. Frå våren 2003 kan det veljast mellom fleire bibeltekstar. Til no har det vore berre to tekstar å velja mellom frå kvar gruppe. Nyordninga er råd å ta i bruk frå våren, men ho er ikkje obligatorisk i denne omgang.

Familie-nytt



HAUS

Døpte:

17.11 Ole Kristoffer Moldeklev
Halleland
17.11 Dani Emil Bøe Larsen

Vigde:

04.10 Halvard Veseth og Kari
Ann Haukås
09.11 Lars Sveinung Lid og
Kate Elin Samuelsen

GJERSTAD

Døpte:

29.09 August Revheim Kleppe

Vigde:

14.09 Robert Kallekleiv og
Kate Rigmor Gundersen

Gravlagde:

13.09 Arne Søgnesand (f.1943)
09.10 Mons Åge Bjørndal
(f.1965)
11.10 Margit Lovise Solberg
(f.1908)
17.10 Anders Vevle (f.1964)

25.10 Anders Birkeland

(f.1909)

30.10 Magnhild Marie Espenvoll
(f.1916)

BRUVIK

Døpte:

29.09 Andreas Mjelde

Gravlagde:

14.11 Johan Løtveit (f.1908)
15.11 Frida Vik (f.1919)
15.11 Odd Vik (f.1928)

HAMRE

Døpte:

15.09 Andreas Markmanrud
15.09 Sebastian Stordal Forland
15.09 Patrick Helland Tøsse
20.10 Sebastian Gran Reigstad
15.09 Hannah Jeanette Skår
Henriksen
15.09 Thea Flesland Gjerstad
20.10 Hanna Francisca
Burkeland
20.10 Ida Sofie Myking Veseth

Gravlagde:

01.11 Anny Valestrand (f.1914)
07.11 Lilly Marie Skår (f.1910)

HOSANGER

Døpte:

22.09 Martin Tysse
13.10 Elias Birkeland
08.09 Veronika Rød Låstad
13.10 Katrine Røslund
Stokkevåg
10.11 Mathilda Hagebø
Hannisdal

Vigde:

26.10 Oddvar Hanstveit og
Rudite Tetere

Gravlagde:

24.09 Liv Kleppe (f.1917)
22.10 Aslaug Røslund (f.1912)
23.10 Mikal A. Mjøs (f.1924)
29.10 Ingebjørg Loftås (f.1906)
06.11 Johannes Hoshovde
(f.1928)

Sanninga gjer oss frie

Det står ein kort, men interessant samtale mellom Jesus og Pilatus i

Johannesevangeliet 18. 33 – 38. Det er under forhøyret, og Pilatus spør Jesus ut om skuldingane mot han. Til slutt spør han: "Men så er du då konge? Jesus svara: Du seier det, eg er konge. Til det er eg fødd, og til det er eg komen til verda, at eg skal vitna for sanninga. Kvar den som er av sanninga, høyrer mi røyst." Då er det at Pilatus stiller eit motspøsmål som er som om det skulle vore skore ut or vår tid: "Kva er sanning?"

Ja, kva er sanning? Det er så mange "sanningar" på torget i vår tid. Og så er det berre å velja og vraka. Endå til borna i skulen skal presenterast for sanningar på eit kaldbord der "smak og behag" skal styra valet. Det er noko av idealet bak faget "Kristendoms-, religions- og livssynsorientering". Og forvirringa og likesæla om dei viktigaste tinga i livet breier seg. For kvifor engasjera seg for sanninga når alt er like gyldig? Då må ein verta likegyldig. Det at det ikkje eksisterar absolutte sanningar er eit av dei mest særmerkte draga ved åndssituasjonen i vår tid. Postmodernisme kallar ein det. Kvart menneske formar sitt eige liv og sine eigne "sanningar" og er opptekne av å fylla sine eigne behov. Det er fridomen frå bod og normer som er idealet. Men når dette vert reindyrka, kan det gå slik som den russiske diktaren Dostojevskij skriv i "Brørne Karamasov": "Verden har proklamert frihet, især i den siste tid, og hva finner vi vel i denne

deres frihet: bare treldom og selvmord. For verden sier: Du har behov, altså mett dem, for du har de samme rettigheter som de fornemste og rikeste. Ver ikke redd for å mette dem, gjør endog behovene større. Se, det er verdens lære nå for tiden. Det er i det folk ser frihet."

I følgje Dostojevskij verkar dette øydeleggjande på tanken på å tena menneska, på brorskapstanken. "... for hvorledes oppgi sine vaner, og hvor skal den ufri vende seg hen når han i den grad er blitt vant til å stille sine talløse behov, dem han selv har klekket ut i sine tanker? Han lever alene med seg selv..."

Arne Garborg er inne på det same i diktet "Sanninga og det som synest": "Og i denne tida ville alle vera like og frie, og vart alle like ufrie."

Bibelen viser ein heilt annan veg: I Joh. 17 bed Jesus for alle sine, og der seier han: "Helga dei i sanninga. Ordet ditt er sanning." Det er det ordet som er openberra for oss av Gud sjølv, og hans tankar er like høgt over våre tankar som himmelen er over jorda. Det var om dette ordet Jesus sa: "Dersom de vert verande i ordet mitt, då er de i sanning mine lærersveinar. Og de skal kjenna sanninga, og sanninga skal gjera dykk frie." (Joh. 8, 31 – 32)

Her trur eg at det ligg noko veldig viktig for oss i vår tid. Kva set me høgast? Mennesketankar eller Guds tankar? Menneskeord eller Guds ord? Det er sant at me kjener stykkevis, men ein ting er viktig: Å ha den audmjuke innstillinga til Guds ord at me gjev Gud rett i det han har openberra for oss i Bibelen. "For me maktar ingen ting mot sanninga, berre for sanninga." (2.Kor. 13,8)

"Sannheten er alltid antitesisk", sa

Søren Kirkegaard. Det tyder at ho har eit motstykke, og det er lygna og sviket. Seier me ja til sanninga, må me seja nei til lygna. Dei to kan ikkje dra i spann ilag. Det er her me som lever under postmodernismen sitt å har eit stort problem. Presset i retning av å godta alt som det moderne mennesket "har klekket ut i sine tanker", er stort. Og då vert me lett freista til å snu tinga på hovudet, slik at me set mennesketanken over Guds tankar. Men me veit at den fullkomne og endegyldige sanninga er Jesus Kristus, den einaste som med full rett og autoritet frå Faderen kan seia om seg sjølv: "Eg er vegen, sanninga og livet." Å koma til han er å erfara den sanninga som gjer oss frie.

Øyvind Vevle

**20 kroner uka
gjør drømmer
til virkelighet!**

**Ring 22 09 27 00
og bli giuer i dag**



KIRKENS NÖDHJELP
www.kirkensnödhjelp.no

Et levende hus

**Et levende hus, hva er vel det ?
Et hus kan da ikke leve. Det er
jo bare en gjenstand, skapt av
menneskehånd. Et tomt hus,
uten lys og varme er et dødt hus,
og mange eksempler viser hvor
hurtig et slikt hus går til grunne.
Et hus fylt av lys, fylt av varme,
og ikke minst fylt av travle
mennesker er et levende hus...**

I Haus har vi et hus. Det er både nytt og gammelt. Den eldste delen ble bygget i 1974, og den nyeste delen 25 år senere. Faktum er at huset fremdeles ikke er helt ferdig, selv om det allerede har vært i bruk i et par år. Hvilket hus snakker jeg om ? De fleste forstår vel at jeg mener kyrkjelydshuset i Haus. Slik det ligger midt i Haus sentrum, med sin praktiske planløsning, skulle man tro at huset har alle forutsetninger til å kunne være et levende hus, men så enkelt er det ikke. Hva kan et slikt hus brukes til, bort sett fra kristne tilstelninger ? Nå er det kreativiteten kommer inn. I grunnen er det bare fantasien som setter grenser.

Jeg har de siste årene tumlet med

en del ideer : Salen har plass til over 100 mennesker og egner seg meget godt til diverse kulturelle tilstelninger så som kammerkonserter (fantastisk akustikk), bygdekvelder, m. m.


Haus sokneråd har de siste årene arrangert TEMAKVELDER i huset. Ellers har det vært brukt til slektstevner, minnehøytideligheter og konfirmasjonsmiddager. Undervisning av konfirmantene foregår også i huset. Likevel føler jeg at det fremdeles er alt for mye tid at huset står tomt.

Her for et par uker siden kom Trond Midtun, et av medlemmene i soknerådet, og lanserte en ide, myntet på ungdom i alle aldre : Han driver nemlig med radio-styrte biler og mente at dette kunne være noe å prøve i kyrkjelydshuset. Han tok på seg å drive prosjektet og stilte sin private bilbane til disposisjon. Prosjektet er allerede i gang. Det foregår hver torsdag kveld fra kl. 19.00. Det har vært i gang 2 torsdager og virker som å ville bli et populært tiltak. Finnes det på "Øynæ" andre enn hausinger som


er interessert er alle hjertelig velkommen.

Dette viser hvordan enkle ideer hurtig kan realiseres, og jeg har en følelse om at der kommer til å ligge en del radio - styrte biler under juletreet i år.

Hvis andre har ideer til nyttiggjøring av huset, er vi i soknerådet takknemlige hvis dere tar kontakt.



Trond Midtun



Det går mot slutten av år 2002. Et år som har vært travelt for de fleste og ikke minst for undertegnde. I den anledning vil jeg takke medarbeidere i soknerådet, kyrkjelaget og alle andre som driver med frivillig arbeid og elles har en gjerning for kirken. Takk for i år og Guds Fred!

Einar J. Selvik.

Interesse for bil og banekjøring.

Jul er den barnlege glede

Jul er den barnlege glede
som fyller med undring vårt sinn.
Jul er å opna sitt hjarta
og seja til Jesus : Kom inn !

Jul er å følgja den stjerna
som skin over Betlehem by.
Jul er å knela ved krubba
og tilbeda barnet på ny.

Jul er å eiga den freden
som Jesus til menneske gav.
Jul er å leva i ljoset
som skin over mørke og grav.

av Haldis Reigstad



Haus kyrkje - 50-årskonfirmantar 2002

Konfirmerte i Haus kyrkje 7. september 1952. Biletet teke av dei frammøtte til 50-årsjubileet 20. oktober 2002.
Første rekke frå venstre: Berit Øvremjelde Berland, Else Skjerping Strømø, sokneprest Johannes Melve, Reidun Herfindal Bjørnberg, Bjørg Rolland Drivenes. Andre rekke frå venstre: Lilly Åsheim Mjelde, Johannes Hundhammer, Kjell Bjørsvik, Johannes Stokke og Ragnar Aabrekk. Bakre rekke frå venstre: Malvin Nordbø, Edvard Skjerping, Oddvar Hylseng, Magne Arnold Trengereid, Knut Vasstrand og Arnold Skjerping.